



Bergen Kommune - Davanger, Karin

Dato: 14.03.2014

Vår ref.: 2014/13625-2

Saksbehandlar: josaksd

Dykkar ref.:

## Arkeologiske undersøkingar Vårheia, oversending av rapport og vidare prosess i planen.

Hordaland fylkeskommune viser til tidlegare epost med kopi av rapport frå våre arkeologiske undersøkingar i samband med bustadutbygging i Arna, Vårheia og spørsmål frå Bergen kommune både på epost og telefon. Me legg til grunn at Bergen kommune distribuerer rapporten digitalt til aktuelle partar. Om ikkje kan De ta kontakt så sender me over det som trengs

Planområdet for Vårheia er stort og me har slik lagt vekt på å registrera heile området. Det som er fjellområde og utmark er gått over og overflateregistrert. Inne på dyrka mark er det registrert med maskinell sjaking. I samband med registreringa vart det påvist automatisk freda kulturminne lengst sør i planområdet – denne er registrert som ID 175024. Dette er då spor etter førhistorisk rydding og åkerdrift i området.

Gården Mjeldheim, Gnr 301, har hatt eit rikt tilfang av kulturminne. Kulturminne som diverre er gått tapt opp gjennom tida. Gravminna som har lagt både nede ved Arnavågen og opp i mot tunet viser oss eit viktig bilet av førhistorien. At me ved nærmere undersøkingar og finn deler av gården sitt åkersystem, er då naturleg. I våre undersøkingar vart det ikkje gjort funn av andre typar strukturar eller anleggspor som tyder på meir etablert busetnad. Fornminnet viser slik til åkerdrift, der åkeren har lagt som ein teig lengst bort i frå hovudtunet.

Bergen kommune opplyser på telefon at arealet der lokaliteten ligg, også er eit areal utbyggjar ynskjer ta i bruk til bustadutvikling. Hordaland fylkeskommune viser til at fornminnet er bandlagt etter lov om kulturminne og skal søkjast vernast i planframleggjaget. Om dette ikkje let seg gjera må kulturminnet søkjast frigjevest gjennom framlagt reguleringsplan på høyring. Det er då Riksantikvaren og ikkje Hordaland fylkeskommune som er rette mynde etter kulturminnelova til å fatta endeleg vedtak om eventuell frigjeving. Hordaland fylkeskommune skal legga saka tilrette og koma med ei tilråding i saka. Her ser me på heile arealbruken i reguleringsplanen og vektar dei omsyn eit eventuelt framtidig vern og bruk kulturminnet vil få i reguleringsplanen. Det er på generell basis vårt erfaring at dyrkingslag kan ha stor kjeldeverdi til kunnskap om førhistorisk aktivitet i eit område. Ofte har åkrane mindre visuell verdi til formidling og oppleving.

Hordaland fylkeskommune vil ved offentleg høyring vurdere planframleggjaget og viser til at dersom det er konflikt mellom automatisk freda kulturminne og arealbruk skal dette ha ein prosess opp i mot Riksantikvaren som i praksis vil ta noko lengre tid enn vanleg høyring, me ber difor Bergen kommune ta høgd for dette ved offentleg høyring, der kulturminneverdiar skal vektast.

Erfaringsvis kan det vera føremålsteneleg om planleggar tek kontakt med oss, for å avklara nærmare spørsmåla kring kulturminne i planframleggget, i forkant av offentleg høyring.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Jostein Aksdal  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*